



Notat

Dato

FØRDE, 24.05.2017

Kulturmidlar 2017 - Tilskot til prosjekt og tiltak - vurderingar

Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket.

Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realiserer dristige nyskapande kultursatsingar vert veklagt ved tildeling.

Tiltak: 16/8518-74	Diktarstien i Botnane	Søkjar:	Botnane og Årebrot grendelag					
Innhald:	Grendelaget skal etablere ein diktarsti i Botnane. Opning vert 13. august 2017. Dette er ein sti med dikt etter forfattaren Jan-Magnus Bruheim som budde i bygda frå 1978 til 1985. Dikta skal presenterast der han vart inspirert til å skrive dei. Sivilarkitekt Bjørn-Are Vollstad har utforma skisse for dei ulike stoppestadane. Grendelaget har samla inn 265 000 kr inkl. 140 000 kr frå næringsfondet i Bremanger kommune til utarbeiding av stien. Dette blir fylkets første diktarsti.							
Vurdering:	Diktarstien er eit tiltak som kan trekke til seg turistar og andre med interesse for natur og litteratur. Det vil synleggjere perioden Bruheim levde og dikta i Botnane. Bremanger kommune er inne med midlar gjennom næringsfondet sitt. Andre partar som grunneigarar og næringsliv er positive til tiltaket. I kulturstrategien 2015 – 2018 er nynorsk skriftspråk eit gjennomgående perspektiv. Diktarstien vil gje Sogn og Fjordane eit nytt landemerke for nynorsken og nynorsk diktning. Fylkesdirektøren rår til å støtte tiltaket.							
Budsjett:	485 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	10 000			

Tiltak: 16/8518-72	Konsert saman med Frode Alnæs i Årdal og Sogndal	Søkjar:	Øvre Årdal Janitsjarkorps					
Innhald:	Øvre Årdal Janitsjarkorps hadde 70 års jubileum 15. januar 2017. Korpset starta feiringa med ein nyttårskonsert 21. januar med Frode Alnæs som solist/gitarist og konferansier. Dette var så vellykka at korpset ønskjer å sette opp att konserten i Årdal 19. september og i Sogndal 30. september.							
Vurdering:	Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak med føremål innan kulturområdet, med kulturelle karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller større delar av fylket. Jubileumsmarkeringar sett på som ein del av drifta av organisasjonar og kan ikkje få prosjektstøtte. Konsertserien er å rekne som eit lokalt tiltak. Lokale tiltak kan søkje kommunale kulturmidlar. Det er ikkje lagt budsjett ved søknaden. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.							
Budsjett:	175 000	Søknadssum:		Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-71	Landsmøte for Norsk målungdom 2017	Søkjar:	Norsk målungdom		
Innhald:	Landsmøtet for Norsk målungdom (NMU) 2017 vert arrangert på Sandane. Norsk Målungdom er ein landsfemnande ungdomsorganisasjon som arbeider for å fremje nynorsken, styrke				

	dialektane og verje om dei språklege rettane. Landsmøtet er det høgaste organet i NMU og vil samle kring 60 målungdommar. Sogn og Fjordane og Sandane er valt som møtestad fordi nynorske står sterkt her, og det vil inspirere ungdom frå andre delar av landet som kjem på møtet. Norsk målungdom har ein stabil, men temmeleg trøng økonomi. Å desentralisere arrangement kostar, og for å kunne gjøre det, er ein avhengige av at lokale bidragsytarar stiller opp.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren synest det er positivt av Norsk målungdom vel å legge landsmøtet sitt til Sogn og Fjordane. Kulturmidlane skal gå til å støtte regionale tiltak. Landsmøtet er å rekne som eit nasjonalt tiltak og kan difor ikkje få støtte. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	80 000	Søknadssum:	7500	Vedtak:	0

Tiltak: 16/8518-70	Midlar til drift for 2017	Søkjar:	Sogndal storband					
Innhald:	Sogndal storband søker om driftsmidlar for å kunna halde oppe aktiviteten og framleis vere eit tilbod til dei som ønskjer å spele storband-musikk og til dei som ønskjer å høre denne typen musikk. Sogndal storband er det eldste storbandet i fylket som framleis er i drift, og har heile fylket både som rekrutteringsområde og som arena for arrangement. Sidan starten i 1979 har storbandet lagt vekt på å kunna gi eit tilbod til unge musikarar som ønskjer litt større og annleis utfordringar enn tradisjonell korpsmusikk. For 2017 har Sogndal storband planar om eit seminar med den profesjonelle storband-instruktøren Erik Smidt i slutten av mai. Vidare har ein planlagt konsertar både i Sogndal, Balestrand og Høyanger. Til hausten er det planar om kyrkjekonsert(ar).							
Vurdering:	Fylkesdirektøren synest det er positivt at musikarar i fylket har tilbod om å vere med i Sogndal storband. Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar/fylkesledd. Sogndal storband er ikkje ein fylkesdekkande organisasjon sjølv om musikarar frå heile fylket kan vere med. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	35 000	Søknadssum:	10 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-69	Tilskot til drift	Søkjar:	Kreativiteten					
Innhald:	Foreininga skal vere eit forum for alle som er interesserte i handarbeid, husflid og hobby. Arbeide for å oppretthalde eit inkluderande fellesskap og legge til rette for medlemsaktivitetar. Mål for søknadsåret å ha økonomi til å fortsette med aktivitetane. Laget har 24 medlemmar.							
Vurdering:	Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande organisasjonar/fylkesledd. Kreativiteten er eit lokal lag. Lokale lag kan søkje kommunale kulturmidlar. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.							
Budsjett:	283 790	Søknadssum:	10 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-66	Fastlegging av rett skrivemåte av stadnamn i det offentlege kartverket	Søkjar:	Torbjørn Trageton el. Askvoll, Fjaler og Solund kommuner					
Innhald:	Kartverket har reist namnesak i medhald av stadnamnlova for å få fastlagd rett skrivemåte for spesifiserte namn i kommunane Askvoll, Fjaler og Solund. Sakene gjeld namn i statlege kart (land og sjø). Tiltaket er ei eingongsoppgåve og difor eit investeringsprosjekt. Dei reiste namnesakene påfører kommunane ekstra kostnader som det ikkje er avsett midlar til. Reglane i stadnamnlova er slik at når staten reiser namnesak, er det kommunane som skal bere kostnadene med kunngjeringa og kostnadene med å varsle alle dei som etter lova har krav på varsel. Det same gjeld for avgjerd i Klagenemnda for dei namneobjekta som får avgjort rett skrivemåte der. I tillegg er kommunen pålagt å samle inn alle merknader til Kartverket sine høyringsbrev og gi si tilråding i dei aktuelle sakene. I Askvoll er det så langt reist 24 namnesaker, i Fjaler 19 og i Solund 73 saker. I tillegg til kunngjeringskostnaden, har kommunane hatt kostnader til konsulent og eigne tilsette i kommunens arbeid med desse sakene.							
	Dei ekstra kostnadene kommunane er påført av staten i desse sakene, vonar kommunane kan verte dekt ved statlege kulturmidlar som fylkeskommunen har til fordeling.							
Vurdering:	Fylkesdirektøren fastset at ansvaret for namnesakene ligg hos kommunen jf. Stadnamnlova. Fylkeskommunen har heller ikkje statlege kulturmidlar til fordeling. Innanfor tilskotsordninga kulturmidlar til prosjekt og tiltak vert ikkje tiltak som gjeld ein kommune prioritert. Sidan							

	tiltaket er ei eingongsoppgåve vert det heller ikkje vurdert at det er eit utviklingsprosjekt, heller ei driftsoppgåve. På bakgrunn av dette vert søknaden om midlar til føremålet avslått.				
Budsjett:	260 000	Søknadssum:	130 000	Vedtak:	0

Tiltak: 16/8518-65	Kurs i ulike grafiske teknikkar	Søkjar:	Balestrand kunstlag					
Innhald:	Balestrand Kunstlag planlegg tre kurs i ulike grafiske teknikkar i juli / august 2017. Målgruppa for kursa er både utøvande kunstnarar og amatørar i og utanfor fylket. Det er ikkje naudsynt med tidlegare erfaring med grafiske teknikkar for å ha utbytte av kursa. Kursleiaren vil vera grafikar og kunstnar Alain Chardon som driv og eig den grafiske verkstaden og trykkeriet Quadrat9 i Barcelona. Kunstlaget håpar desse kursa kan vere starten på fleire liknande samlingar og kurs i åra som kjem. Eit meir langsiktig mål er å få etablert ein godt utstyrt verkstad ved Sognefjorden som kan vera tilgjengeleg for både lokale og utanbygds interesserte. Vi planlegg i første omgang tre kurs à fire dagar. Kvart kurs vil kunne ha maksimalt 4-6 deltarar for at alle deltarane skal få god tilgang til presse. Søkjer også støtte til varig utstyr.							
Vurdering:	Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak med verknad for heile eller ein større del av fylket. Fylkesdirektøren ser på dette som eit lokalt tiltak og rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	84 700	Søknadssum:	25 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-64	Skytebana på Myklebustsetra/Vårsetra, Nordfjordeid	Søkjar:	Kulturhistoriske informasjonsprosjekter v/John Olav Vereide					
Innhald:	Eksersisplassen på Nordfjordeid står på vernelista hjå Riksantikvaren. Den militære aktiviteten på Nordfjordeid på 1700-, 1800- og 1900-talet har hatt stor betydning for store deler av Nordfjord, Sunnfjord og Sunnmøre. Søkjar ynskjer å informere publikum om aktiviteten tilknytt eksersisplassen, spesielt skytebana på Myklebustsetra/Vårsetra. Prosjektet er delt dette i to: 1) Sette opp informasjonstavler med foto og tekst, ved turstien forbi skytebana og ved blinken på "Plassen". 2) I samarbeid med grunneigar, få hogge skogen og rydde området rundt anvisargrava. Vi vil også sette opp eit gjerde rundt den oppmurte grava for å sikre folk og dyr.							
Vurdering:	Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak med verknad for heile eller ein større del av fylket. Fylkesdirektøren ser på dette som eit lokalt tiltak og rår til å avslå søknaden. Prosjekt og tiltak som gjeld bevaring av kulturminne og kulturmiljø kan søkje kulturminnefondet.							
Budsjett:	180 000	Søknadssum:	40 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-59	Kultur og natur – Film for å fremje miljømedvit i nærmiljøet	Søkjar:	Florø filmklubb					
Innhald:	Søkjar ynskjer å vise at filmklubbfilmen ikkje berre er tungt, trist og vanskelig tilgjengelig, samtidig som at uteaktivitetar ikkje treng å bety ballsport eller topptur. Ein ynskjer å tilby folk eit møte med naturen i ein avslappa underhaldningssituasjon, som samstundes kan inspirere til sosialt samvær i nye miljø, som alternativ til innesitting. Noko som og kan føre til økt interesse for å ta vare på nærmiljøet. Målet er å tilby gode filmopplevelingar med natur og miljø som tema. Florø filmklubb vart kåra til årets filmklubb i 2016 av Norsk Filmklubbforbund.							
Vurdering:	Fylkesdirektøren synest det er positivt at fylket har ein filmklubb som vert driven så godt at ein får nasjonale utmerkingar. Kulturmiljøet skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Florø filmklubb sitt prosjekt er å sjå på som eit lokalt prosjekt. Til lokale prosjekt kan ein søkje kommunale kulturmiljøer. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	73 000	Søknadssum:	54 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-58	Forprosjekt - Drodle og aktivitetsbok born. Seminar	Søkjar:	Karen Helga Maurstig		
Innhald:	Ho søker om stønad til forprosjekt til utvikling av ei drodle- og aktivitetsbok til aldersgruppa 8 – 15 år. Målgruppa er vanlege skuleborn, born på mottak og pasientar på barneavdelinga på sjukhuset. Bakgrunnen for dette er hennar arbeid med kunstkurs for barn og foreldre tilknytt				

	<p>flyktningemottak der føremålet med kurset var å gi barna opplevingar av ein «normal» barndom i ein kvardag med mykje usikkerhet. Gjennom varierte kunstaktivitetar skal barna m.a. oppleve meistring.</p> <p>Som lærar i kulturskulen ser ho også kor mykje det betyr for elevane å få reiskap til å kunnen uttrykke det dei ynskjer.</p> <p>Drodling er å lage kruseduller og andre uhøgtidelige og små teikningar. Dette er ein aktivitet som ein kan gjere utan forkunnskap og utan at ein trenger å få instruksjonar frå ein lærar som er tilstades. Ein kan fokusere på aktiviteten og få ein pause frå vanskelege tankar. Drodlebøker vert brukt i undervisninga, både på kulturskulen og på mottaket. Søkjaren vil no utvikle ei drodle- og aktivitetsbok som er forankra i Sogn og Fjordane. Dette fordi ei drodlebok som er knytt til staden du bur på, kan vere meir spennande, og den vil bevisstgjere borna på lokale forhold.</p> <p>I 2017 vil ho gjennomføre eit forprosjekt. Der vil lokale kunstnarar med ulike innfallsvinklar bli tilknytt. Kunstnarane vil bli samla i eit to-dagars seminar der ideen vert utvikla. Det ligg også inne eit forarbeid og etterarbeid i samband med seminaret. Forprosjektet vert gjennomført hausten 2017, og vil legge grunnlag for konkrete søknader om utvikling og produksjon - til dømes til Kulturrådet.</p>				
Vurdering:	<p>Dette er eit spennande prosjekt som er lokalt forankra og som gir born moglegheit til å nytte seg av eit verktøy i kunstutvikling og personleg utvikling som har ei lokal tilknyting og som kan bidra til å gi born og ungdom sterkare identitet, kunnskap om og tilknyting til Sogn og Fjordane.</p> <p>Det er ein avgrensa sum det vert søkt om. I følgje retningslinene for tilskot gir fylkeskommunen tilskot inntil 1/3 av kostnaden.</p> <p>I dette tilfellet vert søknaden vurdert som eit utviklingstiltak og fylkesdirektøren vurderer at det er rom for å gi midlar til seminaret som skal haldast med lokale kunstnarar. Det er ei føresetnad for løyvinga at tiltaket vert gjennomført som skissert i søknaden.</p>				
Budsjett:	55 000	Søknadssum:	55 000	Vedtak:	20 000

Tiltak: 16/8518-53	Reformasjonsbyen Bergen 2017	Søkjar:	Den norske kirke
Innhald:	I år er det 500 år siden Martin Luther offentliggjorde sine berømte teser og utløyste reformasjonen som forandra store deler av verden. Bergen har status som Norges reformasjonsby, og 3.-7. mars går Lutherfestdagane av stabelen. Det blir konsertar, teaterforestillingar, debattar, gudstenester, byvandringar og fleire aktivitetar for barn og unge, som 7-tårnsstur og elektronikafest. Fullt program på reformasjonsbyen.no		
Vurdering:	Kulturmidlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Prosjektet «Reformasjonsbyen Bergen 2017» og Lutherfestdagane vert arrangert i Bergen. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.		
Budsjett:	1 900 000	Søknadssum:	50 000
		Vedtak:	0

Tiltak: 16/8518-46	Spelemannshuset «Pederhuset» - forprosjekt kulturverksemd	Søkjar:	Sigrid Moldestad
Innhald:	<p>Moldestad søker om midlar for å greie ut ein kan få til ei bærande kulturverksemd kring "Pederhuset", der folkemusikaren Peder Råd (1915-77) budde. Han var ein av dei viktige bærebjelkane i folkemusikken i Breim. Søkjaren vil med dette huset og prosjektet styrke den tradisjonelle formidlinga av ein kulturarv ho sjølv har fått tatt del i og er berar av.</p> <p>Formålet med dette er at huset skal verte eit "påminningshus", eit hus som skal føre vidare kulturarven frå bygda og regionen og også kunne nyttast til arbeidshus for musikarar og andre kunstnarar, kurs og opplæring og elles andre som ser seg inspirert og nyttegjort av huset og historia vi vil fylle den med. NRK Sogn og Fjordane skal følgje prosjektet og lage dokumentar om prosessen og om vi kan lukkast med det.</p> <p>Endå viktigare er det for søkeren er det å finne ut om ho via huset og aktivitetane ein kan skape, kan klare å forme eit miljø og gi vidare uvurderleg kunnskap om musikk og historie som ho er ein av få berarar av i regionen. Breim var ein av dei store områda i felemusikken og den ubrotne linja er slik vi ser det pr. i dag er i fare då det ikkje er noko sterkt forankring i miljø og opplæring i bygda. Søkjar er til daglig musikar og artist på heiltid og bur fast i Bergen.</p>		

	<p>Søkjer i denne omgang midlar til å kartlegge om ho ila dei to-tre neste åra kan starte ei opplæring/kursing/inspirasjon for den arven gjennom aktivitetar og prosjekt /bevisstgjering med "Pederhuset".</p> <p>Framdrift:</p> <p>2017: Huset skal vølast.</p> <p>Haust 2017: Starte samarbeid med skulen i bygda for å skape eit fellesprosjekt.</p> <p>Vinter og vår/sommar 2018: Fortsette prosjektet med tanke på ei framføring av resultatet sommaren 2018 når vi skal opne huset.</p> <p>Prosjektperioden vil vise om dette er noko ein kan fortsette med etter at huset står klart med eit innhald som gjer Pederhuset endå meir relevant for dei som bur i regionen, for tradisjonen og vidareføringa av denne. Det er naturlig å samarbeide med fleire eksisterande organisasjonar som fins i kommunen, samt Gloppe Kommune og enkeltpersonar.</p>				
Vurdering:	<p>Dette er eit forprosjekt for å avklare om kulturarv og aktivitet kan gjerast til ei næringsveg for ein eller fleire.</p> <p>Kulturarv for samfunnsutvikling, trivsel og identitet er eit satsingsområde i kulturstrategien.</p> <p>Prosjekt som bygger kunnskap og som koplar saman aktørar er også lagt vekt på. Dette er kunnskap som er viktig å ta vare på som ein identitetsskapar for regionen.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til prosjektet, men meir avgrensa enn søknaden. Utbetaling føreset at tiltaket kjem i gang som skissert i søknaden.</p> <p>Føreset kommunal medfinansiering slik det er vist til i søknaden.</p>				
Budsjett:	85 000	Søknadssum:	40 000	Vedtak:	25 000

Tiltak: 16/8518-40	Vise utstillinga «Det dobbelte» på Gamle Ullvarefabrikken, Innvik, i april 2017	Søkjar:	Kristina Aas
Innhald:	<p>Kristina Aas skal vise utstilling "Det Doppelte" på Innvik Gamle Ullvarefabrikken i april 2017. Januar 2017 blei ho saman med kollega Karina Nøkleby Presttun invitert til å delta på kunstutstilling på Hå Gamle Prestegård. Utstillinga står der til slutten av mars og Aas ønskjer så å vise den i Innvik. Det er viktig å formidle samtidskunst i form av tekstil på ein stad som Innvik som har gamle tradisjonar innan industriev og handvev (en del av den Gamle Ullvarefabriken brukast aktivt av vevkjærringane i dag). Under utstillinga SABOTASJE som Aas arrangerte i 2014 var det ca. 120 personer innom, også fleire ungar og skolebarn. Under utstillinga i 2017 vil Aas arrangere ein verkstad for barn der ein kan lage enkle vev ved hjelp av papp og garn.</p>		
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren ser positivt på at ein ønskjer å vise samtidskunst i form av tekstil i Innvik. Kulturmidlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Dette er å rekne som eit lokalt tiltak. Lokale tiltak kan søkjer kommunale kulturmidlar. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.</p>		
Budsjett:	77 100	Søknadssum:	20 000
		Vedtak:	0

Tiltak: 16/8518-39	Vitskapleg handsaming, kartfesting og publisering av lokale stadnamn i Hyllestad kommune	Søkjar:	Torbjørn Trageton el. Hyllestad kommune
Innhald:	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune v/FARK og Hyllestad kommune har inngått samarbeidsavtale om vitskapleg handsaming og publisering i Fylkesatlaset av lokale stadnamn i Hyllestad kommune. Prosjektet er leia av fylkesarkivet og er føresett avslutta seinast i 2019.</p> <p>I følgje søker har fylkeskommunen som mål at alle innsamla lokale stadnamn i fylket vert publisert i Fylkesatlas med skrivemåte i samsvar med rettskrivningsreglane i stadnamnlova. Dette arbeidet er utført for dei tre andre kommunane i HAFS-regionen.</p> <p>Fylkesatlas sitt stadnamnkart er m.a. til stor nytte i kommunal og fylkeskommunal namngjeving og i namnsettinga av det offentlege kartverket (statleg og kommunalt ansvar). Dei lokale stadnamna er lokal kulturarv som vert teken vare på gjennom prosjektet. For Hyllestad er berre 453 dei innsamla namna (knapt 9000) publisert. Der står att å samla inn namn for visse delar av kommunen og å kontrollere og supplere datagrunnlag spesifisert av fylkeskommunen.</p>		

	<p>Fylkesarkivet sine oppgåver og ansvar i prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Prosjektstyring og kvalitetskontroll b) Opplæring og oppfølging av lokal koordinator/innsamlarar c) Opplæring av språkkonsulent i Fylkesarkivet sin stadnamndatabase d) Koordinering og kontroll med lister, kart og opptak e) Digitalisering av stadnamnkarta f) Kopling av stadnamnkarta mot database g) Publisering av stadnamna på fylkesatlas.no <p>Hyllestad kommune sine oppgåver og ansvar i prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Rekruttere ein lokal koordinator/innsamlar som Fylkesarkivet lærer opp b) Inngå avtale med ein eksternt engasjert språkkonsulent. Språkkonsulenten skal overføre/registrere stadnamn på a) papirlister over i Fylkesarkivet sin stadnamndatabase og analysere/filologisk handsame stadnamna b) Rette og supplere tilsendt mangelliste frå fylkesarkivet <p>Prosjektet vert leia av fylkesarkivet. Hyllestad kommune har tilsett koordinator. UiB vil utføre det språklege normeringsarbeidet og oppdatere fylkesarkivet sin stadnamnbase.</p> <p>Fylkesarkivet sine kostnader vert dekt over fylkeskommunen sine ordinære budsjett. Når det gjeld oppgåvene til Hyllestad kommune, manglar ein i dag vesentleg datagrunnlag for å stipulere kostnadene. Kostnadskalkylen er derfor berre teke med høgst nødvendige oppgåver han skal ha i dette prosjektet for i år.</p> <p>I følgje søknaden dekte fylkeskommunen kostnadene med både digitalisering av geografisk posisjon til namna, rett skrivemåte av og innlegging av namna i stadnamnbasen , vil det vere rimeleg at fylkeskommunen dekker tilsvarende utlegg som Hyllestad kommune vil få i følgje samarbeidsavtalen.</p> <p>Kulturtiltaket innsamlinga av lokale namn i 1980 åra, vart finansiert med statlege tilskot. I følgje søkjar vil det vere rimeleg at også restinnsamlinga for Hyllestad vert finansiert med statlege midlar. Ny kartteknologi gjer at fylkeskommunen sine kostnader til digitalisering av uregistrerte namn, fell vekk. Digital geografisk posisjon kjem automatisk i sjølve registreringsarbeidet. Truleg er det 1000-2000 namn i dei områda av kommunen som ikkje er registrert.</p> <p>Med tilvising til det som går fram av ovanståande, søker Hyllestad kommune om kr 150 000 av statlege tilskotsmidlar til vern om og formidling av den lokale stadnamnskatten i Hyllestad.</p> <p>Det følgjer ikkje med budsjett og vedlegg som skulle ettersendast per post er ikkje kome inn i sakshandsamingssystemet.</p>
Vurdering:	<p>Det er nokre uklarheiter i søknaden. M.a. så er avtalen med Hyllestad kommune ikkje inngått. Dei har fått eit framlegg frå Fylkesarkivet (FARK), dette er ikkje signert frå kommunen. Avtalen er ein standardavtale som alle kommunar som fylkesarkivet samarbeider med inngår. Det vert også påstått i søknaden at utgifter til digitalisering av uregistrerte namn fell vekk grunna ny kartteknologi. Dette er ikkje tilfelle. Fylkesarkivet gjer denne jobben og det er ein del av innsatsen fylkeskommunen legg inn i eit slikt prosjekt. Fylkesdirektøren kjenner heller ikkje til at fylkeskommunen har dekt kommunen sine kostnader i samband med både digitalisering av geografisk posisjon til namna, rett skrivemåte av og innlegging av namna i stadnamnbasen utover det som er regulert i ein ev. samarbeidsavtale.</p> <p>Søkjar viser til statlege midlar, så langt fylkesdirektøren kjenner til disponerer ikkje fylkeskommunen statlege midlar til dette føremålet no. Det var statlege prosjektmidlar til dette tidlegare.</p> <p>Gjennom samarbeidsavtale med kommunane har FARK eit opplegg for innsamling og digitalisering av stadnamn, som ein m.a. gjennomfører i Stryn og Luster kommune no. Dersom</p>

	Hyllestad kommune går inn på avtaleforslaget med fylkeskommune vil dei få same tenester som andre kommunar i Sogn og Fjordane. Kostnader ved å velje å gjere dette på ein annan måte må kommunen dekke sjølve. Innanfor tilskotsordninga kulturmiddlar til prosjekt og tiltak vert ikkje denne type tiltak prioritert, fylkeskommunen sitt bidrag inn i stadnamnprosjekt vert gitt av FARK. På bakgrunn av dette vert søknaden om middlar til føremålet avslått.
Budsjett:	Søknadssum: 150 000 Vedtak: 0

Tiltak: 16/8515-38	Bokprosjekt Bokprosjekt	Søkjar:	Arve Henriksen
Innhald:	<p>Arve Henriksen meiner Rolv Lorentz Muri er ein gløymd kulturskatt frå Olden som bør løftast fram for komande generasjonar. Denne kunstnaren har etter sin død i 1992 nesten blitt heilt bortgløymd, og det er viktig å ta tak i historia til kunstmålaren som også hadde eit internasjonalt namn. Ove Eide er i gong med å lage disposisjon på ei bok om Muri. Prosjektet har tidlegare motteke støtte frå Stryn Kommune på kr 20.000,- . Henriksen søker i denne omgang om støtte til to viktige elementa for å få balanse i materialet og gjere bildet av Muri komplett.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 30.000 kr til å vidareutvikling av manus. Forfattar Ove Eide. 2. 30 000 kr til å dokumentere produksjonen til Muri med foto + kunstfoto i miljøa bilda er presentert no. Fotogra Oddleiv Apneseth. <p>Det vil også bli laga fonogram med nykomponert musikk som vil stå til eit utval av 10-12 måleri av Muri.</p>		
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren ser positivt på at det blir gjort eit arbeid for å løfte fram kunstnaren Rolv Lorentz Muri. Det vert ikkje gitt kulturmiddlar til utgjeving/publisering av litteratur, film og musikk. Utarbeiding av manus og fotoarbeid i førekant av utgjeving/publiseringa vert rekna inn under dette. Utgjevingar/publiseringar vert føresett finansiert gjennom sal av produktet. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden</p>		
Budsjett:	85 000	Søknadssum: 65 000	Vedtak: 0

Tiltak: 18/8518-37	Måløyraid løypa Måløyraid løypa	Søkjar:	Stiftinga Måløyraidsenteret
Innhald:	<p>Måløyraid løypa vil bli ei historisk vandring gjennom områder der kampande under Måløyraidet føregjekk. Publikum vil her, enten dei i forkant har besøkt Måløyraidsenteret eller ikkje, få oppleve hendinga i Måløy, og vere på stader og få fortalt kva som gjekk føre seg akkurat der på si vandring gjennom løypa.</p>		
Vurdering:	<p>Måløyraidsenteret søker støtte til å laga ei historisk løype med utgangspunkt i Måløyraidet. Fylkesdirektøren ser på arbeidet med løypa som ein naturleg del av formidlinga ved senteret og difor ein del av drifta. Det vert ikkje gitt tilskot til drift gjennom tilskotsordninga for prosjekt og tiltak. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.</p>		
Budsjett:	395 000	Søknadssum: 200 000	Vedtak: 0

Tiltak: 16/8518-36	Utstilling i hovudbunkersen på Lammetun Kystfort Utstilling i hovudbunkersen på Lammetun Kystfort	Søkjar:	Frode Haugen
Innhald:	<p>Eigar av Lammetun Kystfort vil lage utstilling i hovudbunkersen. Dette for å ta vare på den lokale krigshistoria og gjere den tilgjengeleg for publikum, og for å ta vare på kystfortet som kulturmiljø. Målgruppa vil være alle, men interessa vil vere størst for folk mellom 15 - 100 år. Det vil bli utstilling av lokale bilete frå 2. verdskrig samt utstilling av gjenstandar frå krigen. Gjenstandane vil blant anna være ein soldat hjelm, eit engelsk kompass, tysk verdens kart, feltflaske og forhåpentlegvis ei kanon lik ein av dei som det var på Lammetun i krigens dagar. Søkjar har gjort undersøkingar og det viser seg at det er mogleg å få tak i ei kanon. For å få tak i biletene har ein vore i kontakt med Kjell-Ragnar Berge, Knut Sørgaard, Fylkesarkivet. Kvart år er det registrert ca. 1000 besøkande i kystfortet slik det står i dag.</p>		
Vurdering:	<p>Kulturmiddlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Dette er å rekne som eit lokalt tiltak. Lokale tiltak kan søker kommunale kulturmiddlar. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.</p>		
Budsjett:	249 750	Søknadssum: 83 250	Vedtak: 0

Tiltak: 16/8518-29	Restaurering av smie, opplæring og kurs i drift av smie	Søkjar:	Ann Kristin Hæreid					
Innhald:	Søkjar ønskjer å setje i stand ei gammal smie som er tilhøyrande Erikgarden (Hæreidsvegen 6) nær sentrum i Årdalstangen. Smia inneheld stor belg, grue, verktøy. Søkjar har overteke smia attende til garden, og ynskjer utvikle kulturminnet og skape eit miljø frå gamle tider. Eigar ynskjer å kunne setje smia i stand for å tilby ei oppleveling for publikum; eldre, familiær, skuleklassar, turistar, gjerne i samarbeid med organisasjonar og næringsliv i kommunen. Den store belgen og grua, samt smedverktøy er i grei stand, men treng noko restaurering. Taket og veggene treng restaurering. Uteplassen har noko utsikt mot fjorden, her er tenkt å laga benker og bord. Må ordnast til vatn og WC pga hygienen og tilbod til besøkande. Søker tilskot til dette da det kjem store utgifter for leige fagfolk til restaurering av tak og veggger, samt leige inn smed/ andre til opplæring og kursing av dei som skal stå for drifta. Eigar har sendt eit innspeil om dette til kulturminneplanen for Årdal i 2015, men ikkje fått noko svar på det.							
Vurdering:	Kulturmiddlar vert gitt til prosjekt og tiltak med verknad for heile eller ein større del av fylket. Fylkesdirektøren ser på dette som eit lokalt tiltak og rår difor til å avslå søknaden. Prosjekt og tiltak som gjeld bevaring av kulturminne og kulturmiljø kan søkje kulturminnefondet om støtte.							
Budsjett:	125 000	Søknadssum:	105 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-26	Kulturvandringsløyper i Flora kommune	Søkjar:	Fjordkysten v/ Marita Solheim					
Innhald:	Søkjar ønskjer å utvikle 5 kulturvandringsløyper i Flora kommune. Dette omfattar produksjon av innhald for formidling på norsk og engelsk, produksjon av lydfiler og videoar som skal nyttast til formidling, skilting av løypene, og publisering av innhald på eiga utvikla nettside (kulturvandring.no) som vert nyitta av brukarane til å laste formidlinga ned på sin mobil undervegs i løypene. Prosjektet vert gjennomført i eit samarbeid med kulturdyråkratar i kommune og fylkeskommune, lokale sogelag/grendalag o.l., og lokal ressurspersonar.							
Vurdering:	Kulturmiddlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Dette er å rekne som eit lokalt tiltak. Lokale tiltak kan søkje kommunale kulturmiddlar. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	300 000	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-24	Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane 2020	Søkjar:	Allkunne v/Per Magnus Finnanger Sandmark					
Innhald:	Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane er eit digitalt oppslagsverk om kommunar, bedrifter, stader, personar, historie, politikk, næringsliv, kulturliv og organisasjonsliv i Sogn og Fjordane. Leksikonet består i dag av 14 000 sider som er publisert på sidene til det digitale nynorske oppslagsverket Allkunne. Gjennom prosjektet Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane 2020 skal fylkesleksikonet bli oppdatert og supplert med ny informasjon. Prosjektet Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane 2020 har som mål å -tilby oppdatert kunnskap om kommunar, bedrifter, stader, personar, historie, politikk, næringsliv, kulturliv og organisasjonsliv i det området som i dag er Sogn og Fjordane, på fagleg høgt nivå. -vere den leiande nettstaden for faktakunnskap om fortid og notid i Sogn og Fjordane -gjere innbyggjarane i Sogn og Fjordane merksame på historia og identiteten til lokalområdet sitt							
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser positivt på at det blir satsa på å oppdatere og supplere informasjon i fylkesleksikonet for Sogn og Fjordane. Med små rammer er det behov for å prioritere mellom tiltak. NRK Sogn og Fjordane fekk støtte til arbeidet med fylkesleksikonet. Fylkesdirektøren ser på dette som ein eingongsstønad og rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	300 000	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-19	Sunniva no Sakshandsamar: Sissel Lillebø Aarseth	Søkjar:	Gro Marie Svidal		
Innhald:	Ein interaktiv danseproduksjon om tru og tvil, maktbruk og mellommenneskelege relasjoner bygd på historia om Noreg si første og einaste kvinnelege helgen. Dette er ein samtidsorientert nyproduksjon med norsk folkedans og folkemusikk.				

	<p>Dei søker om støtte til dekking av utgifter for prøvetid og framsyning.</p> <p>Stykket får premiere under Førdefestivalen 2017 og samarbeider med både Førdefestivalen og Sogn og Fjordane Teater om realiseringa av prosjektet. Produksjonen har avtale om støtte til produksjon og visning med Førdefestivalen. Her får produksjonen premiere. I tillegg har produksjonen økonomisk støtte og samarbeid med Sogn og Fjordane teater som stille med prøvelokale, overnatting og utleige av lys.</p> <p>Produksjonen er planlagt å turnere i DKS våren 2018. Dei er i dialog om turné (gjestespel) hos Sogn og Fjordane Teater for å kunne syne Sunniva no som ei open framsyning ifleire av kommunane i fylket. Dei er også i dialog med Riksscenen om visning i Oslo anten haust 2017. Det er ei målsetjing å syne produksjonen både nasjonalt og internasjonalt.</p> <p>Regi/koreografi: Mette Brantzeg. Komposisjon/musikk: Gro Marie Svidal, desse eig prosjektet. Medverkande Gro Marie Svidal (musikk/dans)Torill Steinjord, Vetle Springgard og Martin Myhr (dans).</p> <p>Prøvetida er avgrensa til 30 dagar og vert gjennomført omlag som ein workshop. Utviklingsarbeidet vil byggje på resultata frå forprosjektet. Finansieringa er på det nærmeste i orden. Ingen kommunal tilskot. Tilskot frå Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde og Fritt ord. Soft og Førdefestivalen. Manglar budsjetterte billettinntekter.</p>				
Vurdering:	<p>Det er søkt om midlar til prøvetid og framsyning av stykket. Kulturmiddlar vert tildelt til tiltak med kunst og kulturføremål med regionalt nedslagsfelt og vert tildelt til gjennomføring av t.d. framsyningar.</p> <p>Teateroppsettingar, med alle kostnader lagt til grunn, kan motta kulturmiddlar dersom det vert vurdert som eit tiltak av regional viktigkeit. Dette kan også dreie seg om ein tematikk det er prioritert å sette på dagsorden.</p> <p>I dette tilfellet vurderer fylkesdirektøren at sidan det ikkje er sett opp opne framsyningar, men framsyningar gjennom Førdefestivalen og SoFT må desse også finansiere utviklinga av framsyninga. Søkjaren har nyttar seg av andre stønadsordningar for utvikling av manus og teaterproduksjonar som t.d. Norsk kulturråd sine ordningar.</p> <p>Det er avtalt turné i Den kulturelle skulesekken for vidaregåande skule skuleåret 2017/2018.</p>				
Budsjett:	855 000	Søknadssum:	40 000	Vedtak:	0

Tiltak: 16/8518-18	Restaurering av oppgangssag	Søkjar:	Indre Ofredals venner					
Innhald:	Indre Ofredals vene søker midlar til å restaurere oppgangssaga ved anlegget. Søkjar har fått noko middar, men treng meir for å få fortgang og kontinuitet i arbeidet med å redde saga. Har avtale med Nedre Jølster Bilelag om å utføre arbeidet. Under siste synfaring viste det seg at saghuset har forandra seg sidan førre synfaring som var før jul.							
Vurdering:	Indre Ofredals vene fekk tilskot på 65 000 kr frå ordninga «Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap» i 2016. Kulturmiddlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak med føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse og verknad for heile eller større del av fylket. Restaureringsarbeid vert ikkje rekna inn under dette. Prosjektet er også å rekne som lokalt. Lokale tiltak kan søkjer kommunale kulturmiddlar. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.							
Budsjett:	2 560 000	Søknadssum:	1 000 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-16	Byen Vår Flora	Søkjar:	Requiem for en tapt verden		
Innhald:	«Requiem for en tapt verden» er eit musikalsk verk komponert av Eirik Molnes Husabø. Verket er tematisk ei klassisk dødsmesse basert på bibelske tekstar, men komponistmessig er verket ei utradisjonell dødsmesse og representerer ei moderne nyskaping innan sjangeren. Urframføringa er lagt til laurdag 9. september 2017 i Flora i ein av verftshallane til Westcon Yards. Byen Vår Flora har tatt over ansvaret for framdrifta i prosjektet etter avtale med Flora musikkråd. Prosjektet er sidan 2016 utvida med eit skuleprosjekt. I skuleprosjektet vil elevar lage installasjonar/teikningar/biletcollager mm, med tematikk «Flora-industrien; historie og framtid». Dette vil danne grunnlag for ei elev-utstilling som startar i Westcon sin hall laurdag 9. september før urframføringa av «Requiem»– og held fram i Flora Samfunnshus eit par				

	veker etter. Målet med prosjektet er bevisstgjering av flott og stolt lokal industrihistorie, og inspirere barn og unge til fantasirik idé-utfolding i høve framtidig industri i Flora. Utstillinga vil kulminere i ein auksjon der elevane sjølve vil finne gode føremål til auksjonsinntektene.				
Vurdering:	Slik søknaden ligg føre og plan for formidling og framføring av dette vert søkeren sett på som eit lokalt tiltak. Vi viser til kommunale midlar ein kan søkje på. Sidan dette er eit verk som blir nyskrive av ein komponist som bur og verkar i regionen vil assisterande fylkesdirektør for næring og kultur gå inn for å gi ei eingongsløyving som ei støtte til utarbeiding av tingingsverket. Dette har ei budsjetttramme på 300 000 kr.				
Budsjett:	1 570 000	Søknadssum:	60 000	Vedtak:	30 000

Tiltak: 16/8518-13	Studentlekene 2017	Søkjar:	Studentlekene 2017/v Adrian Stinessen Haugen					
Innhald:	Studentlekene vart starta i 1999 av NTNUI. Då deltok 800 studentar i ti ulike idrettar. Sidan 2010 har lekene blitt arrangert kvart år med stadig veksande deltagarkartal og interesse i resten av studentidretts-Norge, og står i dag som eitt av NSI's flaggskip. Det er per i dag kunn NHHI(Bergen), TSI(Tromsø) og NTNUI(Trondheim) som har fått tildelt og gjennomført lekene. Oktober 2017 skal Studentspretten i Sogndal arrangere leikane. Under meisterskapet ønsker søker å ta studentlekene tilbake til det dei var i 1999, ein intim og lokal, men landsomfattande samling av meisterskapar i ti ulike idrettar. Ein vil i Sogndal ha ein kapasitet på opptil 1100 tilreisande studentar, men ventar ein 700. Det blir konkurranse i fotball, volleyball, motbakkeløp, bordtennis, sjakk, SL-trippel(motbakke, klatring, orientering), flaggfotball, orientering, squash, klatring, badminton, boblefotball. Det er ikkje søkt Sogndal kommune om støtte til arrangementet.							
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser positivt på at Studentleikane 2017 er tildelt Studentspretten i Sogndal. Det vil vere med å sette fylket på kartet som studiestad. Arrangementet støttar opp om tiltak i regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017. Fylkesdirektøren rår til å støtte arrangementet med midlar knytt til gjennomføring av handlingsplanen for regional plan. Tilskotet er øyremerka banelege.							
Budsjett:	903 695	Søknadssum:	250 000	Vedtak:	30 000			

Tiltak: 16/8518-7	Humorshow utvikla og skrive for framføring på kulturhusscener	Søkjar:	Roy Aron Myklebust					
Innhald:	Showet er bygd rundt den etablerte humorkarakteren Gudvald. Ein erke-Nordfjording godt opp i pensjonistalder som mellom anna talar dialekta si sak. I dette showet har han starta ei lokalavis og med utgangspunkt i redaksjonen møter vi både nyutvikla og meir etablerte karakterar frå ein snart 20 år lang epoke med revyar. Karakterane blir presentert for publikum både på scene og gjennom videoinnslag -eller ein miks av dette. Humoren byggjer på gjenkjening og er sterkt forankra i liv og levnad på Vestlandet. Ambisjonen med Gudvalds Tidende er ein fylkesturné, og det er den det søker støtte til. Søkjar legg til grunn at han klarar dekke inn mesteparten av utviklingskostnadane, som regi, filming, kostyme og anna gjennom dei to framsyningane i Stryn. Såleis er det i hovudsak den vidare turneen det blir søkt støtte til. Søkjar tenkjer besøke desse stadane: Samfunnshallen (Måløy), Operahuset (Eid), Trivselshagen (Sandane), Førdehuset (Førde) og Sogndal kulturhus.							
Vurdering:	Kulturmidlar vert gitt til prosjekt og tiltak med føremål innan kulturområdet, som har allmenn interesse og med verknad for heile eller ein større del av fylket. Det vert søker støtte til å gjennomføre turné med eit humorshow til kulturhus rundt om i fylket, noko som gjer at showet vil vere tilgjengeleg for ein stor del av innbyggjarane i fylket. Ramma for tildeling av kulturmidlar er avgrensa, og fylkesdirektøren må difor prioritere. Ein føreset at ein turné av denne typen vert finansiert gjennom billettinntekter. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søkeren.							
Budsjett:	135 000	Søknadssum:	35 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518 – 5	Opprusting av ballbinge	Søkjar:	Kolset krins utviklingslag					
Innhald:	Søkjar søker støtte til opprusting av nærmiljøanlegg. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom bygdeutviklingslaget og idrettslaget. I dette ligg eit stort ønske om å få lagt eit kunstgrasdekke tilpassa fleirbruk, dvs. fleire typar aktiviteter.							
Vurdering:	Kulturmidlane skal gå til å støtte regionale prosjekt og tiltak. Nærmiljøanlegg er lokale tiltak.							

	Støtte til nærmiljøanlegg vert gitt gjennom spelemiddelordninga. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	863 750	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	0

Tiltak: 16/8518-4	Dagsturhytta Glipe	Søkjar:	Nikolina Søgnen					
Innhald:	Bygdeutviklingstiltak i regi av studentar ved Bergen Arkitekthøgskole, i samarbeid med lokalbefolkinga, Tretema AS og Balestrand kommune. Bygging av dagsturhytte ved tursti i gammal furuskog i grenda Kvamsøy. Syningsrom for lokale menneskelege og materielle ressursar tillegg til friluftslivtiltak. Bygget vert ved ferdigstilling gjeve til kommunen og skal driftast av det lokale turlaget. Prosjektet tok til våren 2016 og er allereie forbi halvferdig. Prosjektet er hittil finansiert hovudsakleg gjennom sponsoravtalar med næringslivaktørar på nasjonalt og lokalt plan. Søker om midlar til ferdigstilling Glipe. Midlane skal gå til material, uteområde og reise og lønn til studentane.							
Vurdering:	Søkjarane fekk forprosjektmidlar på 30 000 frå Næringsavdelinga. Vi vurderer det slik at tiltaket er ein del av utdanningsløpet til studentane og har lokal relevans og verknad. Hovudkostnadene i søknaden er reisekostnader og lønn til studentane og utgifter til material. Ein obligatorisk del av utdanninga må finansierast gjennom skulen sine ordningar. Viser elles til Balestrand kommune som vertskommune for tiltaket.							
Budsjett:	113 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak:	0			

Tiltak: 16/8518-77	NM i terrengløp	Søkjar:	Vik idrettslag					
Innhald:	Norges Friidrettsforbund har tildelt Norgesmeisterskapet i Terrengløp til Vik IL. Arrangementsdato vert 14. okt. 2017. Ein ventar ca. 200 deltagarar frå heile landet, med startande i juniorklassar, eliteklassar og veteranklassar. Utgangspunktet for løpet vert stadionet i Vik, med nytt kunststoffdekke. I tillegg til det sportslege, vil ein skape blest omkring arrangementet i media, og lokalt i bygda. Mellom anna med eit kultur/diskusjonsprogram på hotell Blix fredagskvelden, med spesiell fokus på ungdom og idrett. For å presentera eit godt arrangement både sportsleg og kulturelt, treng ein tilfredsstillande økonomi, og ein søker derfor om midlar frå Fylkeskommunen. Søkjer Vik kommune om 50 000kr i støtte til arrangementet.							
Vurdering:	Vik idrettslag har markert seg som arrangør av store idrettsarrangement i Sogn og skal i 2017 arrangere NM i terrengløp. Fylkesdirektøren merkar seg at påmeldingsavgifta til arrangementet er låg i høve tilsvarende arrangement regionalt og nasjonalt. Arrangementet støttar opp om tiltak i regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017. Fylkesdirektøren rår til å støtte arrangementet med midlar knytt til gjennomføring av handlingsplanen for regional plan. Tilskotet er øyremarka budsjettposten løype og arena.							
Budsjett:	206 250	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	25 000			